



NR 3, 2021 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 89. ÅRG




Foto: Irene Aase Aarseth

I dette nummeret kan du lese om:

- Gjenopning av kyrkja
- Eit svakt Halleluja
- Konfirmantane
- Møte med prestevikarane
- Kyrkjemusikalsk nybrottsarbeid
- Graver som manglar festar

HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebo, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **I redaksjonen:** Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebø, Karl Hjelmeland, Andreas Ester.
Layout: Bjørnar Otterstein

Pengegåver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 110089

Trykk/oppsett: Husabø Prenteverk

Gjenopning av kyrkja og konfirmasjon for oss alle

Det er for tida mykje snakk om gjenopning eller attopning av samfunnet. Vi er ikkje der enno for fullt, men vi har fått oppleve ei intens opning i kyrkja etter sommaren nesten utan sidestykke. Vi har mellom anna fått gjennomført ei lang rekke verkeleg flotte konfirmasjons-gudstenester i alle sokn! Forhåpentlegvis har alle konfirmantar fått oppleve ein super dag saman med familie og gjester! Samstundes har vi parallelt allereie starta opp med nye konfirmantkull og ganske mange samlingar og gudstenester konfirmantane er med på. Konfirmantane og konfirmantarbeidet er utruleg viktige for oss i kyrkja.

Konfirmasjon er ein av bærebjelkane for folkekirkja i lokal-samfunnet. Det er framleis høg oppslutning om den i kommunen vår, og det er vi veldig takksame for. Den har stor verdi for dei som vel konfirmasjon i kyrkja – og heile familien: foreldre og besteforeldre i spissen. Det har vore verdt å legge ned ein ekstra innsats for å få til både ei fin avslutning og ein like fin ny oppstart. Vi har fått det til, og dette har vi alle tilsette og medarbeidarar i kyrkja å takke for!

Årets konfirmasjon er ein konfirmasjon for oss alle. Konfirmasjon betyr «bekreftelse» eller «stadfesting». Først og fremst ei stadfesting for den einskilde konfirmant. Men konfirmasjonen i år er ei stadfesting for oss alle som jobbar i kyrkja og også heile kyrkja. Ein konfirmasjon for sjølve kyrkja. At ho framleis er relevant og aktuell for folk flest. Dette kan vere ein tydeleg motivasjon for oss for vidare gjenopning av kyrkja. Velkommen tilbake!

Sokneprest Andreas Ester

www.kyrkja/hovanger/
www.facebook.com/kvirkjaihovanger/
www.instagram.com/kvirkjai/

Høyanger kyrkjekontor

Dalevegen 4. Pb. 159
6991 Høyanger
Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik
Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Adm. sekretær: Katarina Vattekær

Jobbmobil: 40 45 86 49
E-post: KV333@kyrkja.no

Prost: Knut Magne Nesse

Brendøyvegen 26, 6906 Florø
Mobil: 91 71 32 75
E-post: knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no

Sokneprest Høyanger/Kyrkjebo:

Andreas Ester, 6947 Lavik
Mobil: 45 22 17 37
E-post: AE639@kyrkja.no

Sokneprest Lavik og Bjordal/Ortnevik

Karl Hjelmeland, Lavikdalsvegen 801,
6947 Lavik, Mobil: 95 40 80 48
E-post: KH882@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog: Toril Lange,

6947 Lavik
Mobil: 92 2409 66
E-post: TL646@kyrkja.no

Kyrkjeverje: Bjørnar Otterstein

Kyrkjekontoret i Høyanger
Telefon kontor: 57 71 41 00
Mobil: 91 76 38 03
E-post: BO446@kyrkja.no

Kantor: Gerda Otterstein

6993 Høyanger
Mobil: 94 18 67 09
E-post: GO985@kyrkja.no

Leiarar av sokneråda:

Høyanger: May-Wenche Fossmark 90 53 90 02
Kyrkjebo: Sturla Bell Fossen 99 49 47 45
Lavik: Toril Lange 92 24 09 66
B og O: Sissel Sørebø 91 68 93 81

Leiar kyrkjeleg fellesråd:

May-Wenche Fossmark 90 53 90 02

Kyrkjetenarar

Høyanger: Heike Müller tlf. 99 39 84 97
Kyrkjebo: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 77
Vadheim: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 77
Lavik: Bjarne Hellebø tlf. 97 75 10 21
Olav Hellebø tlf. 90 08 49 12
Audun Engedal tlf. 41 56 36 28
Bjordal: Norvald Bjordal tlf. 97 12 57 33
Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 41 10 05 87

KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40

Eit svakt Halleluja



Det er søndag, midt på dagen. Radioen står på NRK P1. Mellom himmel og jord. Det er intervju med ein artist eg ikkje har merka meg før, Trond Helge Johnsen, bergensar busett i Trondheim. Han fortel om ein oppvekst på barneheimar og ungdomsheimar, om rus og kriminalitet.

Men så klarte han å bryte den vonde spiralen. Skapte seg ei framtid som musikar. Eit løvetannbarn som vaks opp gjennom asfalten. Fortsatt kjenner han på følgjene av eit rotlaust liv. Ei rastløyse som gjer at han inn imellom berre må setje seg i bilen og køyre av stad. Bort. For å finne fred.

I januar kjem han med ny plate. Han syng ein smokebit av ein av songane. Den handlar om dei av venene som måtte gi tapt for rusen, og som sende ei siste fortvila bøn i håp om at nokon hørde dei. Eit uttrykk i songen slær ned i meg: eit svakt halleluja. Det grip tak i meg, og eg kjenner att eg blir berørt. Kanskje er det fleire som kjenner på at sjølv om ikkje stemninga står i taket med løfta hender og lovesong, så lever det fortsatt eit håp, om enn berre eit svakt halleluja.

Eg har møtt mange menneske i ulike samanhengar som har slite med livet sitt. Mange møtte eg meir eller mindre tilfeldig gjennom jobben. Nokre er menneske som har stått meg nær. Ikkje alle har stått fram og flagga ei sterk kristen tru. Nokre har fortalt at dei lærde Fadervår som barn og har bedt denne bøna før dei sovna om kvelden. Nokre har fortalt at då sjukdommen eller ulukka kom, var trua utfordra og prøvd.

Dei siste åra har eg arbeidd som sjukehusprest, og der har eg møtt ganske mange som vart glade for å få spørsmål om dei ønskte å bli bedt for. Midt i alt det vanskelege, med sjukdom og usikkerheit, vart himmelen lukka inn. Og mange gonger kunne eg ane ein lettelse, ein fred og eit svakt halleluja.

I periodar av livet synest eg at mitt eige liv har vore krevjande nok. Den siste perioden er no. Etter at kona mi ikkje klarte meir og avslutta livet sitt i januar, går lovesongen helst i moll. Han som sa at han ville gå med oss alle dagar, han lova ikkje å føre oss utanom smerten og sorga, men å gå med oss gjennom. Og han går med. Og så innbyr han oss til å komme til han med alt som tyngjer. Jesus seier: Kom til meg alle de som slit og har tungt å bære, eg vil gje dykk kvile. (Mt 11,28) Så får det våge seg om det inn imellom, og her og no berre blir eit svakt halleluja.

Karl Hjelmeland

Konfirmantar i Høyanger 2021



Foto: Kjersti Oma

Frå venstre: Andreas Ester, Cecilie Avsnes, Simon Dale Ullebø, Karina Oma Sivertsen, Knut Olav Nygård Eldevik, Anna Strandos Måredal, Julian Agovic, Stina Stølen Olsen, Theo Tufte Myrholt, Tora Eide Fimreite, Vegard Gunnarskog, Eline Vamråk Bøyum, Julian Solvorn

Konfirmantar i Bjordal 2021



Frå venstre: Karl Hjelmeland, Solveig Østerbø, Veslemøy Østerbø, Toril Lange

Foto: Torunn Haugland

Konfirmantar i Kyrkjebø og i Ikjefjord 2021



Karoline Semb Strandos, Arian Ramsli Lyeng
og Emma Tennefoss Finden. Foto: Marianne Strandos



Andreas Ester og Hanne Sofie Stendal Østerbø
Foto: Tom Canning

Konfirmantar i Ortnevik 2021



Framme frå venstre: Anders Madsen, Leo Brekke
Bak: Karl Hjelmeland, Ole Merkesvik Ådland, og Toril Lange
Foto: Eldar Brekke

Konfirmantar i Vadheim 2021



Sokneprest A. Ester,
Emilian Hellebust,
Annika Smelvær Burn,
Ida Stusdal Sagen

Foto: Agnethe Smelvær

Konfirmantar i Lavik 2021



Karl Hjelmeland, Agathe Bosdal, Tuva Norevik Hjelmeland, Aksel Hanevik Nilssen, Tomine Akse Bjørkhaug, Adelaine Af Geijerstam Fardal, Toril Lange. Foto: Julie Hanevik Nilssen

Dåp i Bjordal

Det er fint å kunne invitere til dåp i kyrkja, og for kyrkjelyden her på Sørsida, med mange år med få nyfødde born, blir det ein fest når kyrkjelyden får ta imot borna. Tilflyttinga, ikkje minst i samband med eit veksande næringsliv, har også ført til fleire barnefødslar i området dei siste åra. På grunn av smittevernet har vi dverre ikkje alltid kunne invitere til open gudsteneste når det har vore dåp.



I bygdene her har det vore mest vanleg med dåp av små born, men det kan vere viktig å minne om at personar i alle aldrar frå spedbarn til alderdom kan bli døypt i Den norske kyrkja. Mange stader er det dåp i forkant av konfirmasjon.

Vi set stor pris på alle som har kome frå andre land for å jobbe i bedriftene her. Ein del har nok hatt tilknyting til ei kyrkje i heimlandet. Alle er sjølvsagt velkomne til kyrkja sine tilbod i soknet, både born og vaksne. Skulle nokon ynskje dåp i Den norske kyrkja, kan ein ta kontakt med presten eller kyrkjekontoret.

Biletet er frå Karl Hjelmeland si første teneste i Bjordal då han døypte vesle Marie 7. august.

Karl Hjelmeland i lag med Atle Bjordal og Elin Myren med borna Celine, Ariell og Marie.

Tekst og foto: Sissel Sørebø

Positivt møte med prestevikarar!



Sunnfjord prosti har i sommar hatt fem studentar som prestevikarar. To av dei, Maria Othilie Georgsen og Ingvild Prestbø, har m.a. hatt gravferd, dåp og gudstenester i vår kommune. Eg fekk møte Maria på frilufts-gudsteneste på Sande ved Ortnevik.

Sola skein om ettermiddagen. Då klokka nærma seg 18.00 hølja regnet ned. Folk ordna seg med regnkle og paraplyar og fann plass under dei vakre bjørketrea ved Olav Sande sin barndomsheim. Orgelet til Anders Brekke blei dekt til med mange store handkle. Den gamle solparasollen vår var ikkje laga for regnver, så det draup stygt på instrumentet. Eg tenkte at dette opplegget vart vel ei skikkeleg utfordring for ein ung student.

Men med sterk, klar og sikker røyst leia Maria oss gjennom gudstenesta. Olsokpreika var slik at ein måtte fylgje med. Ho hadde alle arka i små plastlommer i ein liten perm som det gjekk godt å blade i sjølv om alt var vått. Etter gudstenesta klarna det opp igjen, og sola skein då vi hygga oss med kyrkjekaffi. Mange var interessert i å høre meir om Maria sitt studentliv. Kunne det vere aktuelt å komme tilbake til området her?

Sjølv vart eg så glad ved tanken på at Den norske kyrkja om nokre år forhåpentleg kan ordinere til teneste så dyktige unge prestar som dei kyrkjelydane i Sunnfjord prosti har fått møte i ferietida. Takk til alle fem sommarvikarane!

Foto: Geir Sørebø

Sissel Sørebø

Kyrkjemusikalsk nybroddsarbeid

Som kyrkjemusikar i Høyanger og Kyrkjebø sokn sidan 2008, og med ansvar for alle fire sokna i Høyanger kommune sidan 2017, har eg eit stort og interessant arbeidsfelt! Det er gode instrument i alle kyrkjene, kollegaer og oppgåvene knytt til gudstenester og kyrkjelege handlingar er mange og varierte. Det som kunne vore betre er kyrkjesøkninga.

Det kjennest tungt å spele til gudstenester når det nokre gonger berre er få eller ingen som kjem. Eg synest at song og musikk er viktig i seg sjølv, og kan ha mange positive ringverknader. Spel for demente, og dei lever seg inn i musikken, markerer takten, og smiler! Det har eg sett mange gonger.

I 2018 starta vi opp Lavik Kantori, eit damekor med medlemer frå 15 år og oppover. Vi øver kvar veke, og koret syng eit allsidig repertoar. Vi har idear, og prosjekt vi vil realisere. Eg har også fått ein god start med ei korgruppe i Høyanger, tidlegare medlemer i Høyang Vokalis. Vi øver no på same repertoar som damene i Lavik kantori, og vi skal framføre Jazz Mass våren 2022, med jazzsongar av Bob Chilcott, saman med Something Else, jazzgruppa som spelte i Kyrkjebø kyrkje i samband med kyrkjejubileet i 2019. Dette skal bli bra!

I forlenginga av det som kom i gong i 2018 starta eg i november 2020 opp korskule i Lavik og Høyanger, og hausten 2021 også på Kyrkjebø. Dette er eit tilbod for barn frå 2. til 7. klasse, etter eit konsept som er anerkjent og nytta i mange kyrkjelydar i Norge. I korskulen får barna lære å synge, dei får opplæring i stemmebruk, notelære, gehør og sceneopptreden, og dei blir involverte i song saman med vaksenkor.

I desember skal korskuleelevar framføre eit stykke saman med vaksenkor og korps.

Det er ikkje krav om medlemskap i Dnk for å bli med i kor eller korskule, og eg gler meg over at dette er oppfatta. Men arbeidet er likevel ein integrert del av det kyrkjelege arbeidet som sokna har ansvar for, og må bli oppfatta som det. Dessverre kom ikkje korskulen i Lavik i gong i haust, pga. for lite frammøte, og korskulen i Lavik er no lagt ned.

Tilbodet om korskule er gratis. Det indikerer likevel ikkje at undervisninga held lågt nivå, heller tvert imot. Eg er profesjonell, og eg har det kyrkjemusikalske ansvaret for sokna i Høyanger kommune. Min utdanningsbakgrunn er mellom anna 5 årig Bachelor innanfor korleiing, song og pianospel, samt 4-årig kyrkjemusikkutdanning med hovedinstrument orgel, (Bachelor) og deretter ein Master i utøvande orgelmusikk over 2 år. Og eg har 16 års erfaring som kyrkjemusikar i Vilnius (Litauen), samt 13 års erfaring i Dnk i Høyanger. Alt det eg har av kompetanse, det gjev eg ut gratis! For eg vil at det skal skje noko positivt her! Gerda Otterstein



Kyrkjeleg fellesråd på synfaring

Kyrkjeleg fellesråd hadde møte 29.04., og i samband med dette hadde vi også synfaring for å få ei oversikt over behovet for vedlikehald på kyrkjene og gravplassane i Vadheim, Kyrkjebo og Høyanger. I juni i fjor hadde vi ei liknande synfaring i Ortnevik, Bjordal, Ikjefjord og i Lavik. Vi byrja møtet i Vadheim bedehuskapellet. Dette er eigd av ei stifting, og vert leidt av fellesrådet til kyrkjelege handlingar. Fellesrådet har difor ikkje noko med vedlikehaldet å gjere.

Neste stopp var gravplassen i Vadheim. Her såg vi at muren rundt klokketårnet må ordnast, og klokketårnet treng også eit strøk måling. Rundt gravplassen er det nokre store tre. No er dei blitt så store at det beste er å sage dei ned. Det er også behov for nokre nye benkar. Vi heiv oss så i bilane, før stenginga i Vadheimstunnelen.

Kyrkja på Kyrkjebo ser fin ut, etter at den var nymåla i 2018. Eit flott nytt orgel er her også. Eigentleg er dette eit gamalt engelsk orgel frå 1868, som er oppussa. Vi såg på nokre store tre som burde vore skore ned litt. Festet til smijernsporten sør for kyrkja, ned mot vegen, er øydelagt. Etter det var det ein stopp ved Joker på

Kyrkjebo, for litt kaffi og mat, som vi kosa oss med i det fine vårveret.

Neste post på programmet var gravplassen på Tunga. Dette er den eldste av dei to gravplassane i Høyanger. Den vart vigsla i 1933. Her er alt i skjønaste orden.

På Øvre Sæbø gravplass såg vi at største problemet er gjerdet rundt gravplassen. Det er også eit felt, som opphavleg var tiltenkt plass for eit klokketårn. Her bør diverse buskas fjernast.

Siste stopp var Høyanger kyrkje. På plassen utanfor kyrkja er det nokre fine helleganger, men dei er no overgrodd av gras. Stål-ramma rundt glasmaleriet i kyrkja er sterkt prega av rust. Orgelet i Høyanger kyrkje vart reparert i vår, og er no i god stand. I eit seinare møte i fellesrådet er planen å setje opp ein plan for vedlikehaldet av alle kyrkjene og gravplassane. Og så er det berre å krysse fingrane for at Høyanger kommune løyver pengane som trengst!

Tekst og foto: Vidar Myren.



Ei annleis gudsteneste



Søndag 29. august vart det arrangert friluftsgudsteneste på Vadheimstølen. Sidan den var lagt til tidleg ettermiddag (kl.15) fekk to- og firbeinte høve til å først få gå ein fottur omkring i vakker nærliggjande natur, før ein tok innover seg nokre gode utvalde Guds ord forretta av sokneprest Ester, som ikkje let seg forstyrre om det vart litt uro frå dei firbeinte, kanskje fordi han sjølv har hund?

Han let berre ein i forsamlinga tre stille til side for å roe ned hunden, slik at ikkje gudstenesta vart særleg forstyrra. Finn Trædal spelte på trekkspel til salmane. Etter ei kort gudsteneste var det tid for

noko å bite i, servert av soknerådet på stølsvollen.

Betasuppe m/ rundstykke laga av Malene Café i Vadheim, transportert i varmmats-container av Vadheim Røde Kors Hjelpekorps. Og sjølvsagt litt kaffi. Nokon overraska med å servere plommer frå eigen hage. På den vakre seinsommarsøndagen i august var vi i alt 24 personar og to hundar, frå både nært og fjernt. Folket kom frå både Vadheim, Kyrkjebø, Høyanger, Viksdalen og Seim i Alver kommune. Takk for ein triveleg dag på stølen!

Tekst: Sturle Willie Jacobsen

Foto: Irene Aase Aarseth

Graver som manglar ansvarleg festar

Av ulike grunnar manglar vi dverre namn på festar på ein del graver. Festaren er den ansvarlege for gravminnet. Det ville vere fint om pårørande tek kontakt med kyrkjekontoret.

Sæbø gravplass

Johan Sikko gravlagd 1999
 Arnold Kvamme gravlagd 1996
 Mary Kvamme gravlagd 2004

Kyrkjebø gravplass

Kristian Teigen gravlagd 1981
 Hansine Marie Teigen gravlagd 1989
 Marie Austgulen gravlagd 1991
 Trygve Norgren gravlagd 1993
 Helga Norgren gravlagd 1998

Høgereina gravplass

Karl Haugen gravlagd 1979
 Gudrun Hovland Haugen gravlagd 1990

Lavik gravplass

Hermund Kristoffer Nordstrand gravlagd 1983
 Tora Bertine Nordstrand gravlagd 1971
 Borghild Aven gravlagd 1993
 Tomas Rød gravlagd 2001

Ikjefjord gravplass

Haldis Årnes gravlagd 1965
 Johannes Myrmel gravlagd 1960
 Jørgen Myrmel gravlagd 1961
 Nilsine Østerbø gravlagd 1947
 Gjertrud Instefjord gravlagt 1968
 Andrew Monsen Øvrebø, gravlagt 1976
 Torvald Årnes, gravlagt 1983
 Kari Bergedatter Trædal gravlagd 1938
 Bendik E. Østerbø gravlagd 1935
 Nils A. Massnesberg gravlagd 1947
 Gabriel Massnesberg gravlagd 1943
 Berta M. Myren gravlagd 1947
 Lasse O. Myren gravlagd 1947
 Ragnar Trædal gravlagd 1937
 Andrine Bø Trædal gravlagd 1928
 Karl Kroken Årnes gravlagd 1999

Bjordal gravplass

Kjellaug Osland gravlagd 1992

Ortnevik gravplass

Gunnar J. Thune gravlagd 1963
 Paula Marie Thune gravlagt 1973


Etter fredningstida, som er 30 år for urnegrav og kistegrav i Høyanger, må det, dersom ein vil behalde grava, betalast festeavgift som vert kravd inn kvart 5 år. (Gjeld ikkje Ikjefjord) Ei festa grav kan nyttast til ny gravlegging når fredningstida er ute, og får då ny fredningstid.

Når festet opphører, skal festaren om mogleg få høve til å fjerne gravminnet og liknande innretning frå gravplassen. Det som ikkje er fjerna frå gravplassen innan seks månader etter at festet opphører, tilfell gravplassen.

Gravminne av kunstnerisk eller kulturhistorisk verdi skal om mogleg bli ståande på gravplassen.

KJELDE: Gravferdslova og Kyrkjegardsvedtekten.

Gravferdsmynde er kyrkjeleg fellesråd.
 Kyrkjeverja



Helgemesse

No på hausten kjem ein dag som mange har eit forhold til, Allehelgensdag eller Helgemesse som vi seier på nynorsk. «Når vi har så stor ei sky av vitne kring oss», skriv forfattaren av Hebreerbrevet, og refererer dermed til dei mange som har levd i tru og håp til Gud, men som no er døde.

Bibelen oppfordrar oss til å gje akt på dei som har gått føre, og ta lærdom og inspirasjon av deira tru. Svært tidleg starta den kristne kyrkja å minnast dei døde.

Først var det martyrane, dei som vart drepne for si kristne tru, som vart minna. Mange av helgenane hadde eigne minnedagar, særleg i den katolske kyrkja.

Hjå oss feirer vi Olsok til minne om Heilag Olav som døydde 29. juli 1030.

Seinare oppstod ein minnedag for alle helgenar som ikkje hadde sin eigen minnedag – Alle helgeners dag -- Helgemesse. Denne vart sett til 1. november. Dagen etter vart kalla Alle sjelers dag, og var minnedagen for alle kristne som var døde.

I vår kyrkje har desse dagane smelta saman og vi held fast på namnet Allehelgensdag, eller Helgemesse. I vår kyrkje vert dagen markert første helga i november. I aukande grad brukar vanlege menneske dagen til å minnast sine døde. Gravplassane vert besøkte, og lys vert kveikt på mange graver. Dei som har mist nokon siste året vert inviterte til kyrkja. I gudstenesta vert namna til dei som er døde sidan forrige Helgemesse lesne opp og minna.

Det ville vere naturleg å tenkje at denne dagen er ein sorgjedag. Og det er nok eit faktum, og heilt naturlig at mange kjenner på vemodige og såre kjensler. Likevel har dagen den kvite fargen i kyrkja, festfargen. Med det vil kyrkja halde fram håpet om det evige livet i Guds nærleik og kjærleik.

Sjølv kjenner eg at Helgemesse vert spesiell i år. For første gongen har eg den næreste på den andre sida, heime hos Gud. Det er sjølvsagt sårt, men som sagt; denne dagen er også fylt med takksemd og håp.

Tekst og foto: Karl Hjelmeland



Min salme

I denne utgåva av Helgestunder er det leiaren i Kyrkjebø sokneråd som har valt salmen: **Sjå dagen sprett i austerætt.**
Norsk Salmebok (NoS) nr 797.

Kvifor denne salmen ?

Til det har Sturla Bell Fossen dette svaret:

Eg tilhører ein generasjon der det var vanleg å syngje ein song eller salme ved skulestart og skuleslutt kvar dag, og dette var ein av dei mest brukte morgonversa.

I tillegg var eg så heldig å vekse opp i ein heim der det var mykje songglede, og eg fekk difor tidleg ei aning om mangfaldet i den norske songskatten – både sakrale og profane perler. Det var mindre populært å måtte ”pugge” salmevers i skulen, utan at det har teke frå meg songgleda seinare i livet – tvert om. Me burde syngje meir i lag!

Kva salme er så dette?

Det er ein morgonsalme, skriven i 1883 av Elias Blix, som levde frå 1836 – 1902. Salmediktaren Blix var både teolog, filolog og politikar, og ein ihuga nynorskmann. I 1961-utgåva av nynorsk salmebok (NS), som var mi fyrste salmebok, er der meir enn 160 salmar som Blix har skrive eller omsett. I dagens Norsk salmebok har om lag 50 av dei mest kjende og velskrivne nynorsksalmane fått plass.

Tidene endrar seg, og i overgangen frå NS til NoS har også eit vers vorte fjerna. Av og til stussar eg over om det er litt historielauast å endre eller stryke i elles velformulerte tekstar fordi dei skal vere ”politisk” korrekte. Andre får vurdere det, og eg tek difor med her også det utelatne verset (nr 2) der Israel er nemnd.

Blix var jordnær og ville at folket skulle kunne finne salmar dei kunne kjenne seg att i, og han nytta kvardagsleg biletbruk.

Samstundes skulle salmane vitne om det evige og opphøgde, og frå trengsla gje oss håp om å møte LYSET der framme i det ukjende.


Sjå, dagen sprett i austerætt! Han livet opp vil yngja. Sjå skuggar fly, og solglytt ny no gyller sky, og tusen munnar syngja!

I morgenstund, ved uppstadmund Eg vil min Skapar lova. Han vaker vel, for Israel, so trygg og sael. Eg i Guds fred kan sova.

Du sannings sol, som rann i jol. Ver du mi morgenstjerne! Lys opp min gang, som vidsynt vang, all dagen lang. Mot mørkers vald meg verne!

I all mi gjerd, på livsens ferd, ditt ord må ljoset vera. Gud, styr min stamn, til himmelhamn, i Jesu namn. Så skal nok båten bera.

So lid og renn, ein dag om senn, med sol i skuggedalar. Snart natti lid, og fram det skrid, til morgenblid, med song i himmelsalar!



På kyrkjebakken

Søndag 24. oktober kl. 11.00 er det Kyrkjebø sin tur. Då vert det utdeling av Mi kyrkjebok 4 og Mi kyrkjebok 6. Torsdagen før, **21. oktober, er det 4 og 6 - årssamling i Kyrkjebø kyrkje kl. 17.00 – 18.00.** Her vert ein kjent i kyrkja, 4-åringane skal på perlejakt og 6-åringane skal leite etter «kyrkjeskattar.» Ein får høre om Bartimeus og det vert øving til haust-takkefestgudstenesta. Denne gudstenesta er også ei tårnagentgudsteneste.



Laurdag 23. okt kl. 15 – 19, kan born fra 3. klasse og eldre vere **tårnagentar** eller englevaktar i kyrkja. Då skal dei m.a. løyse ulike oppdrag,

besøke kyrketårnet og ete flaggermussuppe. På gudstenesta neste dag vil ein få sjå noko av det dei har funne ut. **I Høyanger** vert det hausttakkefest søndag **17. okt kl. 18.00.** Denne gudstenesta er ikke spesielt tilrettelagt for born.

I Høyanger er det så langt bestemt følgjande: 7. oktober kl. 17.00 – 17.45: **Myldresamling for 2-åringar.** På 2-årssamlinga får alle ei spisebrikke.

- 11. nov kl 17.00 – 17.45/18.00: **4-årssamling**
- 18. nov kl 17.00 – 18.00: **Førsteklasses – 6-årssamling**
- 21. nov kl 11.00: **Familiegudsteneste** med utdeling av Kyrkjeboka Mi 4 og Mi kyrkjebok 6.
- 09. des kl. 17.00 – 18.00: **3-årssamling** med tema jul. Alle samlingane vert i

kyrkja.

Kan de ikke vere med på 4- og 6-årssamling i Høyanger, er de velkomne til å vere med på Kyrkjebø 21. okt.

I Bjordal skal det vere T-dagar, trusopplæringsdagar, tysdag 26. okt og tysdag 23. nov fra rett etter skuletid til kl. 16.30.

Bjordal sokneråd inviterer også til **Ungdomskveld** i Gamlebanken fredag 5. nov kl. 18.00 til 21.00

I Lavik vil soknerådet invitere til desse samlingane:

T-dagar på Alværa for 3.-4. klasse følgjande onsdagar: 29. sept, 27. okt og 24. nov, fra kl. 10.00 til 12.00.

Myldresamling i kyrkja for born fra 3 år til og med 2. klasse. Første samling var i september.

Fredagskveld på Alværa for 5. klasse og eldre: 24. sept, 22. okt og 19. nov fra kl 17.30 til 20.30.

T.L.

Adventsfest på Alværa, fredag 3. desember kl. 17.30

Den årlege adventsfesten er fredag før 2. søndag i advent. På programmet er det



middag med pinnekjøt, kaffi og kaker, kveldstanker, song, åresal og mykje prat. Meir informasjon kjem seinare.

Sjå facebook-sida til Alværa Misjonssenter.

På kyrkjebakken

Familiesamling i Ortnevik kyrkje
 Søndag 24. oktober kl. 15 håpar vi mange barnefamiliar frå heile sørsida vil komme til Ortnevik. Opplegget ved Karl, Toril og Ole vil vere tilpassa borna, men alle er sjølvsagt velkomne til å vere med i fellesskapet. Etterpå blir det kaffi, saft og bollar og tid til prat.

Markering av Bjordal Misjonslag – 150 år

Ved gudstenesta på helgemesssesøndagen 7. nov. kl. 11 vil vi markere tenesta i misjonsforeininga gjennom 150 år. Denne dagen vil vi også tenne lys til minne om dei som er gravlagde i heile soknet sidan førre helgemesse. Det blir kyrkjekaffi etter gudstenesta! Hjarteleg velkommen!



Lysekrona i Bjordal kyrkje

Det er mykje vakkert inventar i kyrkjene våre. Av og til må det vaskast og pussast litt grundigare enn vanleg. Her ser vi Klara Bjordal og Andrea Bjordal som har fått lysekrona i Bjordal til å skine så vakkert. Takk for innsatsen!

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Alværa kyrkje- og misjonssenter

2021 har vore eit stille år for Alværa. Koronaen har inntil juni gjort det vanskeleg å samlast på tvers av kommunegrensene. På grunn av mykje uvisse, er det mange som ikkje har våga å satse på overnatningsarrangement. Heldigvis ser september bra ut. Då skal det vere 2 konfirmantleirar, 1 speidar-weekend og 1 NMSU – leir i haustferien. I tillegg skal Bjørgvin bispedømme ha 2 konfirmantdagar - Saman i konfirmanttida - på Alværa. Då skal m.a. Farmenpresten, Thor Haavik vere med. 19. oktober samlast konfirmantane frå Høyanger og Hyllestad kommunar. Neste dag er det Fjaler og Askvoll konfirmantar som skal ha same opplegget. I november er det også nokre arrangement, men det er framleis ledige helger både i oktober og november, så kontakt Alværa (mobil 489 90 661 eller epost: alvera@nms.no) viss du planlegg seminar, weekend, familiesamling og er på leit etter ein stad å vere. T.L.

NMS/NMSU inviterer til:

Agentleir for 2. -7. klasse 11.-13. Okt.

[www. nmsu/kalender](http://www.nmsu/kalender) – les om leiren:

Velkommen til agentleir på Alværa!

Er du ein ekte detektiv, hemmeleg agent eller berre har lyst til å bli med på leir? Då er dette leiren for deg! På leiren skal vi løyse ulike agentoppdrag og høre om Paulus og Silas i fengsel. Vi får vite litt om korleis ekte agentar leiter opp born som ikkje får gå på skule på Madagaskar. Pakk agentkofferten, ta med ein ven, og kom på leir! Elisabeth Sowerby Dale er hovudleiar på leiren. Med seg har ho andre flotte leiarar. Vi gler oss til å treffe deg!

Pris: Deltakaravgift: 800 kr

Introduksjonspris: 400 kr.(For born som er med på leir med NMSU for første gong.)
 Påmelding og kontaktinformasjon finn de på www.nmsu/kalender/

Nytt frå kyrkjeverja

Høyanger kyrkjekontor flyttar

Etter 7,5 år med adresse Dalevegen 4, flyttar snart Høyanger kyrkjekontor til nyoppussa lokale i toppetasjen på Høyanger Samfunnshus. Vi sluttfører no forhandlingane om vilkåra for kontorlokale og fellesareal der.

Vi har hatt kontorlokale i toppetasjen på samfunnshuset før, men det var før mi tid som kyrkjeverje, og då var kontora våre på sjøsida av bygget.

Då eg begynte som kyrkjeverje i 2002 var kontorlokala våre i 1. etasje i bygget til Erdal, ved sida av Rådhuset. Der var vi til 2008, då vi flytta til Elvegata 22, på andre sida av elva. Der var vi til februar 2014.

Vi har kontrakt i noverande lokale ut året, så flyttinga til samfunnshuset er nok ikkje langt unna. Ein kan gjerne sei at vi er eit folk på vandring, men at vi no, etter fleire oppfordringar, kjem heim att! 😊

Batteri er brann- og miljøfarleg avfall

Det er ei kjent sak at batteri av ymse slag ikkje skal kastast i lag med anna avfall, men samlast opp og leverast særskilt til avfallsstasjonen for attvinning. Dette fordi dei kan kortslutte og skape brann i avfallsanlegg, og dei er fulle av miljøskadelege stoff som td. bly, kvikksølv og kadmium. **Også små batteri frå lyktene på gravplassane skal leverast til avfallsstasjonen.**

50 årskonfirmantar i Lavik



Frå venstre: Karl Hjelmeland, Ove Terje Trædal, Rolf Torvund, Jan Hellebø, Arvid Kjell Strandos, John Hellebø, Reidar Sørestrand, Wenche Norevik, og Bjørg Aven

Foto: Laurens Brock

I GLEDE OG SORG

DØYPTE

Kyrkjebø kyrkje

Jørgen Hatlestad Moen	13.06.2021
Felix Ynnesdal	13.06.2021

Lavik kyrkje

Sofie Øren	08.08.2021
Mari Solheim Strandos	21.08.2021

Ortnevik kyrkje

Nikolai Villanger Dyrrdal	12.06.2021
Kristin Aakvik Thune	12.06.2021
Hallvard Flaten	01.08.2021

Bjordal kyrkje

Marie Myren Bjordal	07.08.2021
---------------------	------------



DØDE

Høyanger

17.06.2021	Emerense Sæbø Fredriksen
07.07.2021	Hildur Gjersvoll
22.07.2021	Anny Jorunn Mjåtvædt
23.07.2021	Steinar Alræk
09.08.2021	Gunnvald Henning Østerbø

Kyrkjebø

04.08.2021	Hildur Breivik
------------	----------------

Vadheim

18.07.2021	Judit Maud Hagen
------------	------------------

Lavik

23.08.2021	Vilde Hole Systad
------------	-------------------

Ortnevik

04.09.2021	Margot Else Mjølsvik
------------	----------------------

Bjordal

14.06.2021	Bjørghild Bjordal
------------	-------------------



**Lat oss halde urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden er trufast.
Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!
Hebr. 10.23-24.**

Gudstenester

03. Oktober – 19. søndag i treeiningstida
Kl. 12.00 Bjordal, Massnes hausakkfest
v/K. Hjelmeland og T. Lange
Kl. 18.00 Høyanger, v/A. Ester

06. Oktober – onsdag.
Kl. 17.00 Vadheim, Kaffigudsteneste
v/A. Ester

10. Oktober
Kl. 11.00 Lavik, v/K. Hjelmeland

17. Oktober
Kl. 18.00 Høyanger, v/A. Ester

24. Oktober
Kl. 11.00 Kyrkjebø, Haustakkfest
v/A. Ester
Kl. 15.00 Ortnevik, Familiesamling
v/K. Hjelmeland og T. Lange

31. Oktober
Kl. 12.00 Alværa, Konfirmanthelg v/A.
Ester
Kl. 19.00 Lavik, Helgemesse v/K.
Hjelmeland

07. November
Kl. 11.00 Bjordal, Helgemesse v/K.
Hjelmeland
Kl. 16.00 Vadheim, v/A. Ester
Kl. 18.00 Kyrkjebø, Minnedag v/A. Ester

10. November
Kl. 18.00 Høyanger, Minnedag v/A. Ester

14. November
Kl. 16.00 Lavik, v/K. Hjelmeland

21. November
Kl. 11.00 Høyanger, Familiegudsteneste
v/A. Ester og T. Lange

26. November
Kl. 18.00 Bjordal, Lysmesse v/K. Hjelmeland
og T. Lange

28. November
Kl. 18.00 Kyrkjebø, Lysmesse v/A. Ester

01. Desember

Kl. 18.00 Høyanger, Lysmesse v/A. Ester

05. Desember

Kl. 18.00 Lavik, Lysmesse v/K. Hjelmeland
og T. Lange

08. Desember

Kl. 19.00 Kyrkjebø – Gladgudsteneste

24. Desember

Kl. 13.00 Vadheim v/A. Ester

Kl. 14.30 Kyrkjebø v/A. Ester

Kl. 16.00 Høyanger v/A. Ester

Kl. 14.00 Ortnevik v/G. Sørebø

Kl. 16.00 Bjordal v/G. Sørebø


Kl. 15.00 Lavik v/K. Hjelmeland

26. Desember

Kl. 12.00 Høyanger Sjukeheim v/A. Ester

Kl. 13.00 Kyrkjebø Sjukeheim v/A. Ester

**NB: Det kan skje endringar, så følg med i
kalendaren på Facebook, og på heimesida
vår: www.hoyanger.kyrkja.no**



Julekonsertar

03.12. kl.18.00 Kulturskulen i Høy. kyrkje

11.12. kl.17.00 FML/kor i Høyanger kyrkje

12.12. kl.17.00 Julekonsert i Ortnevik kyrkje

19.12. kl.17.00 KUL konsert Kyrkjebø kyrkje

19.12. kl.18.00 Fjordbrass i Lavik kyrkje

INFORMASJON Returadresse : Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger

Skaparverkets dag på Sørebø



Etter enno ein vår med strenge koronatiltak, var det godt å kunne møtast til frilufts-gudsteneste 20. juni. Geir Sørebø og Tore Osen hadde laga eit program som var ein hyllest til skaparverket. Takksemd og glede over det vakre i naturen var gjennom-gangstema. Tore sine vare og fine songar høvde godt inn i opplegget. Å kunne treffe andre og prate over ein kopp kaffi eller

grille på bålpanna såg ut til å vere kjærkome for dei 41 personane som hadde møtt fram. Mange gjekk natursti for vaksne, og borna hadde si eiga løype mellom kaninar og høner. Bruk av ville vekstar var også tema, og alle kunne få med seg heim oppskrift på geiteramsshaft. Takk til Geir og Tore for fint opplegg! Tekst og Foto: Sissel Sørebø

Bjordal og Ortnevik sokneråd